



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 02.01.2013
Vår ref.: 2012/11461
Arkivnr.: 433.0

Inger Hustveit Bjordal
Svendsbø
5568 VIKEBYGD

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Løyve til utsetting av utanlandske treslag til juletreproduksjon

Syner til søknad, mottatt 19.11.2012. Du søker om løyve til planting av utanlandske tre til juletreproduksjon på Svendsbø i Vindafjord kommune.

Heimel

Utsetting av utanlandske treslag krev godkjenning frå fylkesmannen i samsvar med *forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål (25.05.2012 nr 460, jf naturmangfaldlova kap IV.*

Søknaden

Du søker om utplanting av om lag 8000 tre pr år på eit 80 daa stort areal, innteikna på kart vedlagt søknaden. Det aktuelle arealet er på din eigedom gnr 336/2 i Vindafjord kommune. Treslaget som skal plantast ut er er normannaedelgran *Abies normanniana*.

Fylkesmannen si vurdering

Føremålet med forskrifta er å hindre at planting av utanlandske treslag ikkje gjev uheldige konsekvensar for naturmangfaldet. Det er sentralt å sikre at forvaltingsmåla for naturtypar og artar ikkje blir truga av dei framande artane, direkte eller indirekte, jf naturmangfaldlova §§4 og 5. Alle offentlege vedtak som kan ha verknader for naturmangfaldet skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

§8 sett krav om at vedtak bygger på kjend kunnskap. Normannaedelgran er ikkje vurdert av Artsdatabanken som ein art med kjend risiko for naturleg spreiding eller følgeeffekter i norsk natur (Norsk svarteliste 2012). Det er ikkje verna område, naturtypar eller kjende artar i nærleiken som kan bli uheldig påverka av tilplantinga. Plantefelta legg beslag på noko areal, stort sett jorddekt fastmark. Plantefeltet grensar opp mot etablert plantefelt for sitkagran frå om lag 1970.

Ut frå føre-var-prinsippet (§9) er det viktig å sikre seg mot at plantefelt kjem ut av kontroll, til dømes ved at trea ikkje når alder for frøspreiing. Rutinar for internkontroll må innarbeidast i verksemda.

Påverking av økosystemet skal vurderast ut frå samla belastning som økosystemet er eller blir utsett for (§10). I dette høvet kan vi ikkje sjå at tiltaket legg beslag på eller er vesentleg trugsmål mot stedeigne naturkvalitetar.

§11 adresserar ansvaret for eventuelle skader på naturmiljøet til tiltakshavaren. Kostnadar ved å bøta på eventuelle skader eller førebygge skader skal dekkast av tiltakshavar, så langt dei er innafør rimelege grenser.

Driftsmetodar og teknikkar skal i utgangspunktet ta best mogleg omsyn til naturmiljøet, slik at resultatet gjev dei beste samfunnsmessige resultatata (§12). Vi har ikkje spesielle merknadar til dette i denne saka.

Vi kan ikkje sjå at planting av desse treslaga vil vere til vesentleg skade for naturmangfaldet. Det aktuelle treslaget har ikkje stor risiko på svartelista, og det er ikkje registrert spesielle naturverdiar som kan bli truga av tiltaket på eller umiddelbart ved plantefeltet. Det er likevel viktig å sikre seg mot eventuell frøsetting.

Det er viktig å dokumentere rutinar for å hindre spreiding, og kven som har ansvar for å sikre hogst før frøsetting. Det er og viktig at dette dokumentet blir gjort kjend og overført samtidig som eventuelt eigarskifte til ny eigar.

Vedtak og vilkår

Fylkesmannen gjev med dette løyve til utsetting av normannaedelgran på avmerka område på kart vedlagt søknaden. Området er på Svendsbø i Vindafjord kommune. Løyvet gjeld i ti år fram til år 2023.

Det blir sett som vilkår at alle trær som er omfatta av vedtaket skal fellast innan 15 år. Eigaren av arealet er ansvarleg for felling. Vilkåret for dette løyvet skal gjerast kjend for ny eigar ved eventuelt eigarskifte.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernssjef

Anders T. Braa
viltforvalter

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Anders T. Braa
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 14
E-post: anders.braa@fmro.no